

Guide for turleiarar

Sunnhordland botaniske foreining



Føremål

Turleiarguiden skal fungere som ei hugseliste, som turleirane bør gå gjennom før kvar tur. Ikkje alle punkta er like aktuelle for kvar tur, dette må turleiarane vurdere i kvart tilfelle

Planlegging

Styret har ansvar for annonsering. Annonsen bør innehalde informasjon om kor turen går, oppmøteplass, tidsbruk, eventuelt påmelding. Namn og telefon til turleiar, skal alltid stå i annonsen. Dersom turen har eit spesielt tema, bør det nemnast. Dersom turen krev spesielt utstyr eller god fysisk form, må det også komme fram.

Alle turar skal ha minst to turleiarar, der den eine har hovudansvaret.

Gå opp turen på førehand, og estimer tidsbruk. Planlegg parkering, eventuelt samkjøring frå ein større parkeringsplass. Planlegg kor ein skal ha matpause.

Avtal kven som skal notere kva planter vi finn, slik at dette kan bli lagt inn i *Artsobservasjoner* i etterkant. Avtal kven som skal legge inn i *Artsobservasjoner*, og eventuelt medobservatør. Styret disponerer GPS til dette føremålet.

Avtal kven som skal skrive referat frå turen. Referatet skal leverast til styret, og blir arkivert i digitalt arkiv.

Tenk gjennom kva ein skal gjere ved spesielt dårleg ver. Vanlegvis avlyser vi ikkje tur på grunn av veret, men dette må vurderast i kvart tilfelle, eventuelt legge om ruta noko.

Turleiar(ane) må vere tilgjengeleg på telefon dagane før turen.

Tenk tryggleik: Ha alltid med telefon. Førstehjelpsutstyr bør vere med på dei fleste turane. Styret disponerer ei lita førstehjelpseining. Sørg for at dette blir med på turen.

Turen

Informasjon ved starten av turen:

- Velkommen og presentasjon av turleiarane.
- Om turen og floraen i området. Info om pause og tidsbruk. Oppgi eventuelt møteplass lenger framme, dersom gruppa ikkje går samla.
- Deltakarane har ulikt kunnskapsnivå, men på denne turen deler alle av sine kunnskarar. Mange er kunnskapsrike, oppmuntre deltakarane til å bruke kvarandre og spørje.
- Det kan bli lagt ut bilete på facebook. Dersom nokon ikkje ynskjer å komme med på bilete, må ein gi beskjed til turleiar. (Men vi tek uansett aldri bilete av asylsøklarar og flyktningar.)

Under turen

- Vurder tidsbruk undervegs, slik at turen ikkje tek lengre tid enn oppgitt.
- Bruk dei andre deltakarane sine kunnskarar. Ha som mål at turen skal vere lærerik for alle.
- Ver spesielt merksam på deltakarar som ikkje har vore på botanikktur før. Inkluder alle.

Pause

- Bruk gjerne pausen til å presentere ein spesiell plante eller liknande
- Informer om NBF dersom det er relevant. Ha gjerne med innmeldingsskjema.

Etter turen

- Evaluering. Styret evaluerer turen på styremøte
- Referat. Referatet skal ha opplysning om kor mange som deltok på turen, og litt om floraen i området. Det kan gjerne vere med bilete (ang bilete; sjå punkt ovanfor)
- Registrering i *Artsobservasjoner*.

GOD TUR!

Turleiarguiden skal liggje ute på foreiningas i nettside, og leverast til alle turleiarane før turen.